

MØTEINNKALLING

13.10.2015

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 22.10.2015 kl. 15.15 på
Rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 11/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 18. mai 2015
- « 12/15 - Valldal Fjernvarme AS
- « 13/15 - Kommunen sitt ansvar for oppfølging av plan- og bygningslova
- « 14/15 - Klage på utviding av Jemtegård Feriesenter - sluttbehandling
- « 15/15 - Prosjektskisse for forvaltningsrevisjon
- « 16/15 - Brev frå Fjørå og Valldal pensjonistlag og pensjonistlaget
Kveldssol
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 15. juni 2015
Møtestad: Rådhuset kl. 15.15

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Turid Aspehjell, Arild Nærø og Arne Sandnes

= **4 voterande**

Solveig Linge Stakkestad og Olav Løvoll hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.
Frå Norddal kommune møtte rådmann Tor Helge Stavdal og økonomisjef Anne Nygård.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 06/15 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 18. MAI 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 18. mai 2015 blir godkjent.

SAK 07/15 ÅRSMELDING 2014 – NORDDAL KOMMUNE

Innstilling datert 11.06.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Norddal kommune til orientering.

SAK 08/15 KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – NORDDAL KOMMUNE

Innstilling datert 11.06.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Norddal kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.

SAK 09/15

REKNESKAP 2014 – NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF

Innstilling datert 11.06.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Norddal eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2014 blir godkjent.

SAK 10/15

TEMA I NESTE MØTE (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

- Jæmtegard Feriesenter (Jf. sak 05/15)
- Byggesaksbehandling (Jf. sak 04/15 og 22/14)
- Valldal Fjernvarme (Jf. sak 02/15)

Møtet slutt kl. 16.02.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

Turid Aspehjøll
medlem
(sign.)

Arild Nærø
medlem
(sign.)

Arne Sandnes
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norrdal kommune

Dato: 13.10.2015

**SAK 12/15
VALLDAL FJERNVARME AS**

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommunerevisjonen datert 20.08.2015
- Saksdokument til sak 02/15

I brevet er det vist til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 02/15 den 18.05.2015 og saksdokumenta til det møtet *som også ligg ved her*. Brevet av 20.08.2015 har som vedlegg korrespondansen mellom kommunerevisjonen og Valldal Fjernvarme AS. Av brevet datert 03.07.2015 frå Valldal Fjernvarme AS går det fram at Valldal Fjernvarme ikkje var insolvent då vedtaket om kapitalutviding vart gjort. Brevet listar også opp kundane til Valldal Fjernvarme AS og kva prisar desse har betalt.

Når det gjeld saksopplysningar forøvrig blir det vist til sak 02/15 av 18.05.2015.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Kontrollutvalet legg vidare følgjande **innstilling** fram for kommunestyret:

Kommunestyret ber rådmannen legge fram ein oversikt som viser dei økonomiske konsekvensane av kommunen sitt engasjement i Valldal Fjernvarme AS.

Harald Rogne
dagleg leiar

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
Lerstadvegen 545
6022 Ålesund

Vår sakshandsamar:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
20.08.2015

Dykkar dato:

Vår referanse:

Dykkar referanse:

Vedrørende Valldal Fjernvare as

Vi viser til vedtak i Norddal kontrollutval 18.05.2015:

Kommunerevisjonen blir bedt om å sende ein førespurnad til Valldal Fjernvarme as for å få eit oversyn over kundar og prisane desse kundane betaler, samt om Valldal Fjernvarme as har kommentar til om selskapet var insolvent då Norddal kommune skaut inn ny kapital og i så fall ei forklaring på fordeling av aksjekapitalen i dag.

Vedlagt følgjer kopi av førespurnad og svar frå Valldal Fjernvarme as.

Prising:

Slik vi forstår svaret kan ein setje opp følgjande fordeling når det gjeld prisar til kundane til Valldal Fjernvarme as:

- Valldal Grønt as – kjøper kulde, pris blir no gjennomgått
- Grandegarden – 63 øre pr kwh, etter same prinsipp som Tafjord Kraftvarme as
- Muritunet – som formel, men 20 % rabatt på energileddet i oppstartsåret og 3 år
- Norddal Eigedomsselskap – som formel
- Storfjord Helsesenter as – som formel

Aksjeverdi:

Valldal Fjernvarme as opplyser, i samråd med sin revisor, om at selskapet ikkje var insolvent ved kapitalutvidinga. Det kan vere grunn til å anta at det var årsak til at Valldal Grønt as ved tidspunktet for emisjon ikkje hadde tapt all aksjekapitalen sin i selskapet. Dersom det er

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadveien 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51

Bankkonto:
6540 05 00465
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587


behov for det kan eventuelt Norddal kommune som hovudaksjonær i selskapet gjere nærare greie for vurderingar kring dette.

Førespurnad og svar frå Valldal Fjernvarme as har hittil vore unnateke offentleg innsyn jf. Fvl § 13.2. Dokumenta er etter avtale med Valldal Fjernvarme as no opna for innsyn.

Med helsing



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar



Kurt A. Løvoll
seniorrådgjevar

Vedlegg

Valldal Fjernvarme as
Grandane
6210 VALLDAL

U.off. Fvl § 13, 2

Vår sakshandsamar:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
10.06.2015

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Førespurnad

Kontrollutvalet i Norddal kommune vedtok følgjande i møte 18.05.2015:

Kommunerevisjonen blir bedt om å sende ein førespurnad til Valldal Fjernvarme as for å få eit oversyn over kundar og prisane desse kundane betaler, samt om Valldal Fjernvarme as har kommentar til om selskapet var insolvent då Norddal kommune skaut inn ny kapital og i så fall ei forklaring på fordeling av aksjekapitalen i dag.

Vedtaket kjem med bakgrunn i kommunestyrevedtak 19.12.2013 der kontrollutval og revisjon vart bedne om å sjå nærare på det kommunale engasjementet i Valldal Fjernvarme as.

Spørsmål 1

Vi ber om å få sendt over eit oversyn over kundane til Valldal Fjernvarme as og prisane kvar enkelt kunde har betalt/betaler. Dersom det er forskjellar i prisnivået for dei einsskilde kundane, ber vi om at det eventuelt blir gitt ei forklaring på dette.

Spørsmål 2

Slik vi forstår det var selskapet i ein vanskeleg økonomisk situasjon då Norddal kommune gjekk inn med ny kapital i selskapet. Ut frå at Valldal Grønt sit igjen med ein eigardel i selskapet går vi ut frå at ikkje heile aksjekapitalen var tapt. Vi ber ut frå dette om ei kort utgreiing på korleis ny fordeling av aksjekapital vart berekna.

Dersom det er spørsmål knytt til denne førespurnaden kan Kurt Løvoll (70 17 21 53, 906 00 168) kontaktast.

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadveien 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51

Bankkonto:
6540 05 00465
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587

Ut frå at denne førespurnaden gjeld forretningsmessige høve, er den ikkje offentleg. Det same vil i utgangspunktet gjelde svar på førespurnaden.


Med helsing



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar



Kurt A. Løvoll
seniorrådgjevar



VALLDAL FJERNVARME

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Vedrørende brev av 10.06.2015 U.off.fvl § 13,2

Svar på førespurnad:

Til spørsmål 1:

Valldal Fjernvarme AS sine kundar er:

- Norddal Eigedomsselskap KF
- Storfjord Helsecenter AS
- Muritunet AS
- Grandegarden
- Valldal Grønnt AS

Når det gjeld prisane dei betalar:

Grandegarden er avregna etter fastpris på kr. 63 øre pr. kWh for 2015

Beregning her er basert på same prinsipp som Tafjord Kraftvarme AS brukar til sine kundar.

Når det gjeld næringskundar (utanom Valldal Grønnt AS som kjøper kulde) er prisen beregna etter følgjande formel:

$$FP = (KP - R \%) + NL + EF + A = \text{øre/kWh} + \text{mva}$$

FP= Fjernvarmeprisen

NL: Nettleie.

KP: Kraftpris (øre pr kWh).

R: Rabattfaktor

EF: Effektledd. Den maksimale effekten som tas ut i løpet av en beregningsperiode.

A: Avgifter, for tiden: Forbruksavgift: 11,21 øre pr kWh. Enova avgift: 1 øre pr kWh.
Elsertifikater: 0,64 øre/kWh.

Forbruksavgift, Enova avgift og elsertifikat er oppdatert med gjeldande priser for 2015.

Nettleige er beregna etter same tariff som Tafjord Marked AS brukar i same område.

Prisen på energileddet inneheld ein rabatt faktor. Generell rabatt til næringskundar er 10%. Dette utifrå at kundar på fjernvarme skal generalt ha ein lavare tariff enn kundar på rein elektrisitet.

Til Muritunet AS er det inngått ein tidsavgrensa avtale om ein rabatt på 20% på energileddet. Bakgrunn for dette er at Muritunet AS måtte gjere eindel investeringar for å kunne ta fjernvarmen i bruk. Muritunet AS var ein av dei første som kobla seg opp og det vart vurdert som viktig å få dei med som kunde. Med det som utgangspunkt vart det inngått ein avtale om tidsavgrensa rabatt på 20%. Avtalen gjeld oppstartåret pluss 3 år.

Når det gjeld Valldal Grønnt AS så er kuldeprisen under revisjon / gjennomgang og styret ein vil iløpet av sesongen gjere vurderingar for korleis denne skal prisast.

Til spørsmål 2.

Etter samråd med revisor er det vanskeleg å sjå at Valldal Fjernvarme AS var insolvent når vedtak om kapitalutviding vart gjort.

Om ein ikkje hadde gjennomført emisjon ville nok selskapet relativt fort vorte insolvent.

Når det gjeld fordeling av aksjar er det kanskje naturleg å spørje eigarane om dette. På hvilket grunnlag gjekk dei inn med ny aksjekapital.

Dette som svar til Dykkar førespurnad

Valldal 03.07.2015



For Valldal Fjernvarme AS
Arne Krohn

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norrdal kommune

Dato: 06.05.2015

**SAK 02/15
VALLDAL FJERNVARME AS**

Som vedlegg følger:

- Rapport frå kommunerevisjonen datert 27.04.2015 om Valldal Fjernvarme AS

Det blir vist til ovannemnde rapport. Av denne går det fram at kommunen har hatt betydelege utgifter knytt til investeringar og aksjekjøp. Prosjektet har blitt sett på som økonomisk risikabelt, men er gjennomført etter fullmakter frå kommunestyret.

Mandatet for undersøkinga var denne:

Kommunestyret ber kontrollutvalet/kommunerevisjonen sjå nærare på det kommunale engasjementet i Valldal Fjernvarme as fram til no

Mandatet for undersøkinga er vid og rapporten listar opp gangen i prosjektet og reiser til slutt ei rekkje problemstillingar.

Kontrollutvalet kan vurdere om saka skal avsluttast eller om det skal gjerast spesifikke undersøkingar inn mot prosjektet.

Harald Rogne
dagleg leiar

SKS IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
27.04.2015

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

VEDRØRANDE NORDDAL KOMMUNE OG VALLDAL FJERNVARME AS

Bakgrunn

Norddal kommunestyre vedtok 19.12.2013 mellom anna følgjande i sak KS-095/13:

3. Kommunestyret ber kontrollutvalet/kommunerevisjonen sjå nærare på det kommunale engasjementet i Valldal Fjernvarme as fram til no.

Historikk

Valldalbær as (seinare Valldal fjernvarme as) vart stifta 27.05.2004. Selskapet hadde følgjande formål:

Omsette og marknadsføre varer innanfor grøntsektoren på ein slik måte at det tener både eigar og landbruksprodusentar i området, best mogeleg. Salg kan vere til både forbrukar og detaljist. Selskapet kan også drive aktivitet som høyrer naturleg til dette. Varer skal primært kjøpast frå Valldal Grønt AS og drifta må ikkje skje i konkurranse med søsterselskapet Valldal Grønt AS.

13.03.2008: Ut frå kommunestyrevedtak om at skulle setjast i gang arbeid med energi- og klimaplan for kommunen, var det oppstartsmøte for prosjektgruppe som skulle «vurdere moglegheita for alternativ energiforsyning for Valldal sentrum og Murigandane.». Prosjektgruppa skulle utgreie, men ikkje kome med innstilling. Medlemmar i prosjektgruppa var Torkjell Døving – leiar (Fjordhagen as), Harald Valle (Valldal Grønt),

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadvegen 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51

Bankkonto:
6540 05 00465
Foretaksregisteret:
NO 971 562 587

Espen Remme (Storfjord helsesenter), Harald Lillebø (Enøksenteret as), Arne Krohn (Norddal Eigedomsselskap) og Kristin G. Sandnes (Norddal kommune).

01.07.2008: E-post frå Torkjell Døving (Fjordhagen) til Arne Krohn om korleis eigedomsføretaket ville sjå på å nyttiggjere seg framtidig tilbod om fjernvarme frå Valldal Grønt.

16.10.2008 ligg rapport om «Fjernvarmevurdering – Utgreiing alternativ energiforsyning – Klimaplan» føre. Rapporten er utarbeidd av Enøk-senteret as ved Morten Haukenes og Harald J. Lillebø på oppdrag frå prosjektgruppa. I rapporten kjem det fram at

På bakgrunn av forutsatte energipriser og forventet framtidig varmeleveranse, anses det ut fra en rent økonomisk betraktning, at forutsetningene er tilstede for å gjennomføre full fjernvarmeutbygging i henhold til plan, både primær- (sentrum) og sekundærområdet (til Gartneriet).

17.12.2008 blir rapporten teken til vitande i kommunestyret. Det vart og vedtatt at kommunestyret ynskte at det i vatn- og avløpsrøyr som skulle leggjast i Sylte sentrum også skulle leggjast dimensjonerte røyr for distribusjon av fjernvarme.

15.01.2010 vart det sendt søknad til Enova SF om støtte på kr 2.229.000 til realisering av fjernvarmeanlegg. Samla investering til distribusjonssystem og varmesentral vart estimert til 24,8 mill. kroner. Søknaden er utforma av Harald J. Lillebø (dagleg leiar i Energiråd as). Det går fram i søknaden at:

Kommunen innser at økonomien i eit fjernvarmeanlegg i Norddal er svak. Ein ser likevel at dersom Enova kan støtte investeringa, slik det her blir søkt om, vil det vere mogleg å etablere fjernvarme i kommune. Motivasjon for gjennomføring både hos politisk og administrativ leiing og dei potensielle brukarane er god.

04.05.2010: Avtale mellom Norddal kommune og Fjordvarme as om kjøp tenester til «Muripark-prosjektet». Fjordvarme as er lokalisert på Nordfjordeid, og eigd av Eid kommune (98%), Riksheim Consulting as og Nordplan as. Oppdraget gjekk m.a. ut på å lage ein rapport med avtaleverk melom Norddal kommune, prod.selskap, Nordal Elverk as, Valldal Grønt as. Vidare å gje tilråding om «eigarsits» i prod.selskapet, lage investerings- og driftsbudsjett og priskalkyle og gå gjennom usikkerheit/risiko.

27.05.10 blir Energi- og klimaplan vedteken som såkalla temaplan. Fjernvarme/nærvarme er eit av mange tiltak som er med i denne planen.

31.05.10 ligg det føre rapport utarbeidd av Magne Hjelle (Fjordvarme as) på oppdrag frå prosjektgruppa bestående av Stig Holmstrøm (Norddal kommune), Harald Valle (Valldal Grønt as) og Torkjell Døving (Norddal Elverk as). Arbeidet ser ut til å ha vore gjort i samarbeid med Therese Jemtegård Moen (Fjordhagen as).

I rapporten går det m.a. fram at det blir lagt opp til eit produksjonsselskap
eigd av Norddal kommune, Norddal Elverk as og Valldal Grønt as

og at

Norddal kommune skal ta seg av distribusjonsnett. Norddal Elverk As og Valldal Grønt as kan utføre tenester for produksjonsselskapet og Norddal kommune.

Vidare blir det foreslått å kalle produksjonsselskapet for Valldal Fjernvarme as.

Produksjonsselskapet skal ha ansvar for all energiproduksjon og kundekontakt inkludert kundesentralar og betaler nettlege til Norddal kommune for bruk av distribusjonsnett.

Det går og fram i rapporten at:

Samla sett vert økonomisk risiko vurdert som middels. Eigarane bør ha ei langsiktig målsetting med sitt eigarskap og ikkje forvente stor avkastning på kort sikt.

24.06.2010 vart rapportene handsama i kommunestyret. Det vart m.a. vedteke at

Vedlagte forslag til avtaleverk og vedtekter vert lagt til grunn for selskapetableringane.

Formannskapet vert gitt fullmakt til godkjenning av eventuelle naudsynte endringar/justeringar i selskapsavtalane.

Problematikk omkring eventuell habilitet ser ikkje ut til å ha blitt teke opp i verken formannskap eller kommunestyre.

01.07.2010 er det møte i fjernvarmeprosjektgruppa. Det går fram at Arne Krohn hadde vore i kontakt med advokatfirmaet Steenstrup Stordrange vedkomande konkurranse på produksjonsanlegget. Svaret i e-post

går i retning av at regelverket for offentlege anskaffelsar bør følgjast, dvs at arbeidet bør lysast ut på anbod.

I referatet går vidare fram at

Øen Kuldeteknikk AS har i samarbeid med Valldal Grønt AS arbeidd med planlegging og prosjektering av eit kombinert kuldeanlegg/varmeanlegg for Valldal Grønt AS og bygningar i Valldal. Desse planane er ein del av eit totalprosjekt som Valldal Grønt AS har bede Øen Kuldeteknikk AS om å kome med tilbod på. Desse planane kan ikkje nyttast som grunnlag for ein ny anbodskonkurranse. Det vil vere vanskeleg for andre firma å tileigne seg nødvendig kunnskap om Valldal Grønt AS sitt eksisterande kuldeanlegg og prosjektere det nye produksjonsanlegget. Det er svært viktig at det nye produksjonsanlegget vert optimalt tilpassa det eksisterande kuldeanlegget. I høve til ansvar vil det også vere ein fordel med ein leverandør på heile kuldeanlegget.

.....

Prosjektgruppa ønskjer ikkje ein ny anbodsrunde på produksjonsanlegget og ba Magne Hjelle om å kontakte advokat Åshild Fløisland for nærare avklaringar.

og at

Valldal Grønt AS tek ansvar for nødvendig utviding av bygningsmassen for å gje rom for produksjonsanlegget og vil levere søknad om byggjeløyve over ferien. Lokala blir leigd ut til produksjonsselskapet.

15.07.2010 ligg det føre ny avtale mellom Norddal kommune og Fjordvarme as om kjøp av tenester. Fjordvarme as skal vere prosjektleiar ut frå å bidra til etablering av naudsynt selskapsstruktur og –avtaler for produksjon og distribusjon av fjernvarme, samt førebu prosjektering og bygging av produksjonsanlegg og vidare distribusjonsnett for fjernvarme i sentrum av Valldal.

31.08.2010 er det nytt møte i fjernvarmeprosjektgruppa. Øen Kuldeteknikk presenterte tilbod på varmesentral og kjøleanlegg. I referat frå møtet blir det stilt følgjande spørsmål:

Kven kan ta beslutningar her? Kan Valldal Grønt as ta beslutning, eller ventar ein til selskapet er etablert? Ideelt sett bør det etablerast eit selskap så snart som mogleg.

I konklusjon frå møtet går det fram at:

Fjernvarmeselskapet treng ikkje leggje anskaffing av varmesentral og kjøleanlegg ut på anbod, men Fjernvarmeselskapet må ta endeleg stilling til dette.

Det går ikkje fram kva grunnlaget ein har for å ikkje lyse dette ut.

Rapporten frå mai blir revidert og utvida 10.09.2010. Der kom m.a. inn at det var innhenta tilbod på produksjonsanlegg byggetrinn 1, og ein budsjettpris på byggetrinn 2. Vidare var det henta inn tilbod på prosjektering av distribusjonsnett byggetrinn 2. I rapporten står det og:

Det er no avklara at Valldal Grønt as tek seg av bygningsmessig arbeid på lokala for produksjonsanlegget. Husleige vert teke inn i avtalen. Det er også teke inn eit punkt om grunnlag for fastsetting av prisen på kjøling. Dette er av stor betydning for Valldal Grønt as for å kunne gå inn for den planlagde fjernvarmeutbygginga.

og at:

For Valldal Fjernvarme as ser også økonomien brukbar ut..... Tida med underskot er relativt kort, og potensialet for inntekter er til stades.

02.09.2010 er det anbudsopning på prosjektleiing distribusjonsnett byggetrinn 2. Den 06.09.2010 blir det gjennomført møte (deltakarar Norddal kommune, Norddal e-verk, Valldal Grønt as, Fjorhagen as og Fjordvarme as) med val av tilbod på prosjektering. Riksheim Consulting as (medeigar i Fjordvarme as) vart valt. Magne Hjelle frå Fjordvarme as får i oppdrag å utføre kontraktsforhandlingar på vegne av Norddal kommune.

20.09.2010 godkjenner formannskapet i Norddal kommune dei ulike forslaga som er lagt ved rapporten, som grunnlag for etablering av produksjonsselskapet Valldal Fjernvarme as. Det blir og vedteke at:

Norddal kommune tar ansvar for etablering av distribusjonsnett for fjernvarme, og formannskapet ber om at dette vert sett i samband med utbygging av annan naudsynt infrastruktur i sentrumsområdet.

Det er ikkje protokollert problemstillingar om eventuell habilitet i formannskapet.

28.09.2010 er det nytt møte i fjernvarmeprosjektarbeidsgruppa– Harald Valle (Valldal Grønt as) fekk i oppdrag å

Undersøke og skaffe trygghet for at tilbudet frå Øen Kuldeteknikk er rett berekna, og at det ikkje er altfor dyrt.

Eventuelle meirkostnadar i prosjektet ved kjøling samanlikna med rein varmeproduksjon burde vore synleggjort. Sjekke ut/identifisere kva desse kostnadane utgjer.

I referat frå møtet går det fram eit ønske om å sikre tinglyst rett til forkjøpsrett av bygningsarealet der produksjonsutstyret skal stå.

I oktober 2010 uttrykker styret i Norddal Elverk as skepsis til å vere med som medeigar, og det går fram i brev til Norddal kommune at styret:

...vurderer fjernvarmeetableringa som ei lite lønsam verksemd for selskapet og med relativt høg økonomisk risiko.

12.11.2010 skifta selskapet Valldalbær as namn til Valldal fjernvarme as.

15.11.2010 vedtar Møre og Romsdal fylkeskommune å gi tilskot på 1 mill. kroner til Norddal kommune si utbygging av fjernvarme i Norddal kommune. Tilsegnet er basert på eit budsjett på 22,6 mill. kroner for produksjon og distribusjon.

25.11.2010 får rådmannen e-post frå Riksheim Consulting as om at rørtrase må bli på elvebotn på oppsida av brua (belastning på bru ville blitt for stor). Det går fram av e-posten at Nordplan (også medeigar i Fjordvarme as) er involvert i arbeidet med berekning av belastning.

26.11.2010: Invitasjon til emisjon i Valldal Fjernvarme as med 34% Valldal Grønt Eigedom og 66% Norddal kommune. Denne vart handsama i kommunestyret 16.12.2010 der kommunen svarte ja på invitasjonen. Rådmannen fekk fullmakt til oppnemning av kommunen sine styrerepresentantar. I formannskapet vart 2 repr. funne inhabile. Også i kommunestyret vart 2 repr. funne inhabile. Kommunestyret vedtok å ikkje utsetje saka med 13 mot 8 røyster.

28.01.2011: Ekstraordinær generalforsamling i Valldal Fjernvarme as der aksjekapital ble vedteken utvida. Utarbeidd aksjonæravtale. Etter dette vart ny aksjekapital betalt inn, og denne var på kr 400.000. 66% Norddal kommune og 34% Valldal Grønt as. Det vart samstundes betalt inn til overkurs slik at samla innskot var 1 mill. kroner (mao. 660.000 innbetalt frå Norddal kommune).

I 2011 vart nytt formål for selskapet registrert:

Produksjon av fornybar energi for leveranse til kundar i Valldal og andre tenester som høyrer naturleg til dette. Selskapet skal drivast på forretrningsmessig basis.

02.03.2011 søker Valldal Fjernvarme om lån på 14 mill. kroner i Kommunalbanken. Samstundes blir det sendt søknad til Norddal kommune om kommunal garanti for lånet. Denne søknaden vart handsama i kommunestyret 24.03.2011. Rådmannen si innstilling

var å gi garanti sjølv om det i vedtektene til selskapet går fram at «selskapet skal drivast på forretningsmessig basis». Kommunelova gir ikkje høve til å stille kausjon knytt til næringsverksemd. Kommunestyret vedtok å stille sjølvskuldnerkausjon for lånet+10%. Ein av representantane i formannskapet og ein av representantane i kommunestyret var funne inhabile i handsaminga av saka.

13.04.2011: Fylkesmannen gir ikkje kommunen løyve til å gi slik kommunal garanti ut frå at dette er næringsverksemd.

20.05.2011 søker Valldal Fjernvarme as om at kommunen kan finansiere også produksjonsanlegget, og sender over utkast til avtale der Norddal kommune skal finansiere dette anlegget. Dei gjer merksam på at dei har innhenta tilbod på finansiering frå Sparebanken Møre, og at det er inngått avtale om byggjelånfinansiering med Sparebanken Møre.

04.07.2011: Kommunestyret løyver 2,4 mill. kroner til utbygging av distribusjonsnett jf. anbod¹. Dette kjem i tillegg til tidlegare løyvde 6,7 mill. kroner. Rådmannen legg i saksutgreiinga til grunn at anbodet er «prisgunstig sett i høve til marknadsprisar» til trass for at det berre kom inn eit pristilbod.

Det går ikkje fram noko i saka om mogleg finansiering av produksjonsanlegget og søknad frå Valldal Fjernvarme as datert 20.05.2011. I formannskapet vart 2 repr. funne inhabile. Også i kommunestyret vart 2 repr. funne inhabile.

13.10.2011 får kommunestyret lagt seg føre sak og avtale om finansiering av produksjonsanlegget jf. søknad datert 20.05.2011 frå Valldal Fjernvarme as. Avtalen inneber kommunalt eigarskap til produksjonsanlegget. I saksutgreiinga går det likevel fram at:

Slik avtalen er utforma, vil låneopptaket ikkje innebere kostnader for kommunen, idet Valldal Fjernvarme as skal dekkje desse i sin heilskap.

I formannskapet vart 1 repr. funnen inhabil. Der vart innstillinga frå rådmannen tilrådd med ordføraren si dobbeltrøyst. I kommunestyret vart 2 representantar funne inhabile. Kommunestyret vedtok avtalen i tråd med tilråding frå rådmannen med 12 mot 9 røyster.

01.11.2011 blir avtalen inngått. Avtalen inneber mellom anna at:

For leige av distribusjonsnettet betaler Valldal Fjernvarme AS til Norddal kommune ei nettleige. Nettleiga vert fastsett etter årlege forhandlingar mellom Norddal kommune og Valldal Fjernvarme as. Nettleiga skal baserast på sjølvkost og dekke Norddal kommune sine årlege utgifter med distribusjonsnettet. Desse utgiftene omfattar avskrivning, renteutgifter, og tilsyn og vedlikehald av nettet. Investeringane skal avskrivast over ein periode på 40 år frå driftsstart.

¹ Anbudskonkurransen vart kunngjort i Doffin (database for offentlege innkjøp)

Inntil Valldal Fjernvarme AS går med overskot, eller maksimalt dei 20 fyrste åra fjernvarmeanlegget er i drift, kan nettleiga reduserast i høve til sjølvkost det enkelte året. Negativ saldo i driftsåret og akkumulert saldo frå oppstart vert ført i Norddal kommune sin rekneskap. Negativ saldo skal betalast tilbake til Norddal kommune ved auka nettleige ut over årleg sjølvkost når økonomien i Valldal Fjernvarme AS gjev rom for dette. Akkumulert saldo skal vere tilbakebetalt seinast 40 år frå driftsstart. Deretter skal nettleiga ligge på eit nivå som svarar til Norddal kommune sine årlege utgifter med distribusjonsnettet. Nettleiga vert i oppstartsåret 2011 redusert i høve til tidspunkt for oppstart. For dette og neste heile driftsår, vert nettleiga også redusert til 30% i høve til sjølvkost desse åra. Vidare skal eventuell reduksjon eller auke i høve til sjølvkost fastsettast i samband med dei årlege forhandlingane mellom partane.

For leige av produksjonsanlegg og kundesentralar betalar Valldal Fjernvarme AS til Norddal kommune ei årleg leige som dekker renteutgifter og avdrag på lån med nedbetaling på 20 år, husleige til Valldal Grønt Eigedom AS, forsikring og økonomi- og administrasjonsutgifter. Leiga skal svare til 100% av faktiske nettoutgifter.

15.05.2012 er det generalforsamling for Valldal Fjernvarme as. Det går fram at styrehonoraret aukar frå kr 30.000 til kr 33.000 for styreleiar Geir Myklebust. For styremedlemene Magne Hjelle og Torkjell Døving aukar styrehonoraret frå kr 12.000 til kr 13.200. Det blir i tillegg gitt møtegodtgjersle på kr 1.800 pr. møte.

04.06.2012 gir Valldal Fjernvarme as beskjed til Norddal kommune om at anlegget er ferdigstilt og klart til overtaking.

27.09.2012 vedtok kommunestyret i tråd med innstilling frå rådmanen, og i tråd med inngått avtale 01.11.2011, å overta fjernvarmeanlegget (produksjonsanlegget) til Valldal Fjernvarme as innanfor ei ramme på 12,9 mill. kroner (eks mva). Overtakinga skulle finansierast med låneopptak på 12 mill. kroner og det resterande med tilskot frå Møre og Romsdal fylke og Enova. Det går fram av saksutgreiinga at:

Iflg. avtale av 1.11.11, pkt 10, skal Valldal Fjernvarme AS betale ei leige for anlegget tilsvarande årlege utgifter til formålet i kommunen. I dette ligg renteutgifter, avdrag/avskrivning, husleige til Valldal Grønt Eigedom AS, forsikring og økonomi- og administrasjonsutgifter.

Saksutgreiinga gjer no merksam på at:

Det er knytt usikkerheit til økonomien i prosjektet. Her spelar både kundemasse, energiprisar og rentenivå inn. Uansett må kommunen vere innforstått med at prosjektet kan påføre kommunen utgifter i komande år i form av manglande betaling av leige av kommunalt eigd produksjonsanlegg og distribusjonsnett. Dette må så målast mot miljøgevinsten i prosjektet og kommunen si rolle i og ansvar for nærings- og samfunnsutvikling.

Ein av representantane vart funnen inhabil i handsaminga i kommunestyret, den same representanten vart funnen habil i formannskapet.

10.10.2013: Førespurnad pr. e-post frå Norddal kommune til eigedomsselskapet om mogleg forskotering til fjernvarme grunna dårleg likviditet. Eigedomsselskapet uttrykte skepsis til dette.

21.11.2013 kjem det likevel faktura frå Valldal Fjernvarme as til Eigedomsselskapet med ønske om forskotsbetaling på kr 250.000.

I desember 2013 blir det fremma sak u.off. der likviditet og økonomisk situasjon for Valldal Fjernvarme as var tema. Det vart fremma forslag om å fråfalle krav til selskapet. I formannskapet vart det vedteke å handsame saka i ope møte. Spørsmål om habilitet ser ikkje ut til å ha vore reist i formannskapet, men i kommunestyret vart 2 repr. funne inhabile. Med 12 mot 9 stemmer vart det bestemt å ikkje utsetje sak om aksjeemisjon.

Mars 2014 vert det inngått aksjonæravtale der Norddal kommune skyt inn kapital og blir sitjande med 96% av aksjekapitalen og Valldal Grønt Eigedom as med 4%.

29.04.2014 blir det sendt brev frå Valldal Grønt as v/Harald E. Valle og Jan Ole Fuglem til eigedomsføretaket med ønske om å reforhandle husleige (kr 180.000 pr. år), alternativt sal av lokala som produksjonsanlegget står i. Det er Valldal Fjernvarme as som leiger lokala, men i brevet blir det opplyst at Norddal kommune nå ønskjer å inngå ein leigeavtale direkte med Valldal Grønt as. Det blir nemnd ny leige på kr 283.900 pr. år, alternativt kjøp på om lag 3,3 mill. kroner + tilstøytande uteareal.

27.05.2014 sender Valldal Grønt as eit nytt tilbod til eigedomsføretaket om kjøp av bygningsmassen for 2,8 mill. kroner + utearealet til om lag kr 150.000. Valldal Grønt as ønsker å avklare eventuelt sal før ein vurderer leige.

25.08.2014 vert det lagt fram sak for formannskapet. Innstilling frå eigedomsselskapet var å kjøpe lokale og uteareal innanfor ei samla ramme på 2,8 mill. kroner. Formannskapet vedtok å utsetje saka med krav om ytterlegare utgreiing. Vidare at både kommuneadministrasjon og eigedomsselskapet måtte godkjenne ein eventuell leigeavtale, og at det skulle hentast inn takst frå uavhengig part dersom ein vurderte å kjøpe bygningsmassen. 4 av representantane i formannskapet vart no funne inhabile.

09.09.2014 er det møte mellom Norddal kommune v/Tor Helge Stavdal og Anne Nygård og Valldal Grønt as v/Harald Valle, Jan Ole Fuglem og Ivar Trygve Rimstad. Det var semje om at

..Norddal kommune skal rekvirere takstmann for å vurdere pris på bygningsmassen. Takstmannen skal også vurdere leigepriis, da utleigar og leigetakar kan ha ulik syn på kva for prinsipp leiga skal fastsettast etter. Norddal kommune tek kostnadene med takseringa.

25.09.2014 ligg det føre takst på 1,5 mill. kroner. Anslått marknadsleige er kr 135.500.

11.12.2014 handsamer kommunestyret sak vedrørende mogleg kjøp eller endra leige på lokala som blir nytta for produksjonsanlegget for fjernvarme. Kommunestyret gir fullmakt til eigedomsføretaket til å gå i forhandlingar med Valldal Grønt as. Dersom ein ikkje var samd om kjøpesum innafor verdivurdering på 1,5 mill. kroner, må saka attende til kommunestyret for vidare handsaming.

I formannskapet opplyste rådmannen om at når fleirtalet av organet er inhabile vert alle erklært habile, jfr. § 6 i forvaltningslova. I kommunestyret vart 8 av representantane funne inhabile.

15.12.2014 gir Valldal Grønt as eit nytt tilbud til eigedomsselskapet. Pris på fjernvarmebygget er no 2.690.000 under føresetnad av at ein samstundes kjøper utearealet til kr 190.000 og under føresetnad om årleg leige av fellesareal på kr 18.825. Alternativt tilbud om leige er kr 300.413.

Nokre problemstillingar

Subsidiering/prising

Eit interessant spørsmål kan vere kven kundane til Valldal fjernvarme as er, og kva dei betaler i høve til kva kommunen betaler. Dersom kommunen betalar overpris på energien samstundes som andre kundar betalar «underpris», kan det vere skjult subsidiering. Kommunerevisjonen har ikkje grunnlag for å konkludere, men finn ikkje at denne problemstillinga er vurdert i dokumenta vi har sett i kommunen.

Valldal Grønt som kvalitetssikrar av kommunale investeringsmidlar

Det var Harald Valle som fekk oppdraget med å kvalitetssikre tilbudet frå Øen Kuldeteknikk. Vi forstår det slik at Valldal Grønt ikkje nødvendigvis hadde same økonomiske interesse som kommunen, og det kunne vore interessant å vite kva vurderingar som vart gjort då Valle fekk oppdraget.

Avhengigheit av fjernvarme

Fleire kommunale bygg nyttar no fjernvarme. Reint økonomisk kan det argumenterast for at det kan vere fornuftig å ha tilgang til fleire energikjelder (olje, fjernvarme, pellets, straum), og så bruke den kjelda som er mest økonomisk ved eit gitt tidspunkt. Eit spørsmål er om dei kommunale bygga har gjort seg avhengig av fjernvarme, og om det eventuelt ville krevje mykje dersom fjernvarmen vart svært dyr eller dersom anlegget måtte stenge. Dette ser ut til å vere handtert i leveringsavtale der det m.a. går fram at

Fjernvarmeprisen er basert på markedsmessige betingelser og fastsettes slik at den ikke overstiger kundens alternative energipris.

Eigartilhøve

Valldal fjernvarme as var ved slutten av 2013 slik vi forstår det insolvent, og kommunen gjekk inn med nye midlar. Vi er litt usikre på kvifor Valldal Grønt framleis er medeigar i

selskapet dersom aksjane var tapt. Dersom det var tilfellet skulle vel kommunen etter nytt innskot vore eineaksjonær i selskapet?

Regelverk om innkjøp

Det kan vere grunnar til at lovverk om offentlege innkjøp ikkje vart følgt, men det går ikkje fram nokon stad kva desse vurderingane var. I brev frå rådmannen datert 16.01.2014 til kommunerevisjonen går det fram at «*Norddal kommune var ikkje involvert i anbudsprosessen for innkjøpet. Det vart ikkje gjort skriftlege vurderingar om innkjøpsprosessen skulle leggst under reglane for offentleg anskaffingar, men det vart vurdert at kommunen sin rolle som stor eigar i aksjeselskap ikkje kunne kome inn under reglane.*»

Vår kommentar: Det kan vere at ein ikkje måtte følgje reglane, men det er etter vår vurdering uheldig at det ikkje er gjort ei skriftleg vurdering av dette. Gjeldande regelverk på aktuelt tidspunkt gir rom for tolking, og vi er i utgangspunktet på linje med Steenstrup Stordrange sin førebelse konklusjon om at det «*går i retning av at regelverket for offentlege anskaffelsar bør følgjast, dvs at arbeidet bør lysast ut på anbod.*». Vi vil likevel presisere at vi ikkje har gjort ei grundig analyse av dette, og at svaret ikkje er gitt.

Ein annan kommentar er at det var noko underleg at rådmannen skriv at kommunen ikkje var involvert i anbudsprosessen for innkjøpet, når det går fram at rådmannen har vore på møter der behov for anbod har vore diskutert, og også har vore med på å gje Valldal Grønt AS i oppdrag å sikre at tilbodet frå Øen Kuldeteknikk ikkje var «altfor dyrt». I etterkant har vi fått ei forståing av at svaret frå rådmannen datert 16.01.14 var basert på ei misforståing i høve tidlegare rådmann.

Habilitet

Habilitet i handsaminga kan vere ei relevant problemstilling i denne saka. I kva grad har politikarar direkte eller indirekte økonomisk eller anna interesse i dei spørsmåla som blir diskutert og fatta vedtak om gjennom åra? Dette er ikkje enkelt, men det kan leggjast merke til at det har vore liten grad av vurdert inhabilitet fram til sakene i slutten av 2014. Då vart det stor grad av vurdert inhabilitet. Det er interessant at det i saka i

formannskapet i november går fram at

Rådmannen opplyste at når fleirtalet av organet er inhabile vert alle erklært habile, jfr. § 6 i forvaltningslova.

Dette er etter vår vurdering ikkje korrekt tolking. Det er ikkje slik at dersom fleirtalet er inhabile, så kan ein seie at alle er habile til å vurdere saka. Det forvaltningslova seier noko om (jf. §8) er at dei som skal vurderast i høve habilitet sjølve i utgangspunktet ikkje skal vere med på å avgjere eigen habilitet, og vararepresentantar bør som regel bli kalla inn. Så kan det vere tilfelle der vararepresentantar ikkje er kalla inn, og der denne vurderinga av habilitet gjeld så mange at organet ikkje er vedtaksfør. I slike tilfelle kan organet la alle vere med på å vurdere sjølve habiliteten, også dei vurderinga gjeld. Men det er sjølvsagt slik at dersom nokon openbart er inhabil til å vurdere saka, så bør konklusjonen til organet vere at det er tilfelle. I akkurat denne saka var kanskje ikkje dette nokon stor sak då formannskapet ikkje gjorde vedtaket, men berre ga ei tilråding til kommunestyret.

Samanknyttinga mellom kommunen, Valldal fjernvarme as og Valldal Grønt har vore så tett at det i dette sakskomplekset nok burde vore dokumentert vurderingar undervegs om det var politikarar som hadde direkte eller indirekte interesser i Valldal Grønt/Valldal Grønt Eigedom as, og/eller om det var politikarar som hadde direkte eller indirekte interesse i selskap som kunne tene på fjernvarmeanlegget.

Økonomi

Kor mykje har kommunen totalt no investert i anlegget og brukt over drift til anlegget, og kva er den reelle effekten/vinsten av anlegget økonomisk og miljømessig? Det er m.a. laga investeringsrekneskap på 36,2 mill. kroner (produksjon og distribusjon).

Leige/Kjøp av lokalar

Vi registrerar at kommunen no i 2015 forhandlar med Valldal Grønt om kjøp/ ev. nivå på leige av eigedomen/bygninga som produksjonsanlegget dei overtok i 2012 er plassert i. Vi har ikkje funne nokon avtale mellom Valldal Grønt as og Valldal Fjernvarme as om nivå på leige. Vi finn heller ikkje nokon avtale mellom Norddal kommune og Valldal Grønt as om dette. Det vi finn er at leiga frå Valldal Fjernvarme as til Norddal kommune skal svare til 100% av kommunen sine faktiske nettoutgifter (avtale november 2011).

I møte i prosjektgruppa 06.09.2010 går det fram at når det gjeld pris på kjøling og husleige:
Det er semje om at prisnivået skal vere realistisk utan at det er snakk om subsidiering. Det bør lagast modellar for korleis prisen på kjøling og husleiga vert fastsett.
Repr. frå Valldal Grønt og frå Fjordhagen as hadde oppfølgingsansvar på dette punktet.

Vi finn vidare at det i referat frå møte i prosjektgruppa 28. september 2010 står at:
I avtaleverket burde det ligge ein tinglyst rett til forkjøpsrett av bygningsarealet der produksjonsutstyret skal stå slik at ein sikrar seg i tilfelle konkurs eller oppkjøp av Valldal Grønt som i dagens situasjon eig bygningen der produksjonsutstyret ligg. Sjekke med Magne Hjelle korleis denne problemstillinga er sikra i dei dokumenta som hittil er utarbeidd.
Repr. frå Fjordhagen as hadde oppfølgingsansvar på dette punktet.

